



DEN NORSKE KYRKJA

Sande kyrkjekontor

SANDE KOMMUNE

INNSPEL TIL BUDSJETTFORHANDLINGAR

I høve arbeidet med budsjett for 2019, ynskjer fellesrådet å kome med innspel på kva løyvingar ein får for neste år.

Tilskot frå kommunen dekkjer dagleg drift, det er ikkje midlar til vedlikehald av kyrkjebygga med dagens løyvingar.

Oppsparte reservar i form av fondsmidlar til større vedlikehaldsprosjekt, har ikkje vore mulig å få avsett. Konsekvensen av dette er etter kvart i ferd med å verte urovekkjande.

Larsnes kyrkje er prega av manglande vedlikehald. Viser til vedlegget om tilstand på Larsnes kyrkje. Ein ser det som ei muligheit å få mykje av arbeidet gjort som dugnad, ein del av skadene må ein likevel pårekne å leige inn fagfolk til.

Sande kyrkje har dei siste åra fått utført det mest nødvendige vedlikehaldsarbeidet, det har her vore ein stor dugnadsinnsats mtp til måling og innsamla midlar til reiskapshus bl.anna.. Tårnet på kyrkja treng vedlikehald, dette har vore påpeika sidan nordveggen vart måla Kyrkja på Sande er 140 år i 2020.

Renovering for Gursken kyrkje er godt i gang, der kommunen har teke på seg det utvendige arbeidet. Innvendig renovering er eit reint dugnadsprosjekt. Begge prosjekta vil verte slutførte i løpet av 2019.

Sokna i Sande og Gursken har trusopplærar tilsett i ei i 50 % stiling. Ein ser behov for å utvide stillingsprosenten, då 50 % ikkje nok til å fylgje opp trusopplæringsplanen. Denne er vi pålagde å gjennomføre. Kvart år må ein rapportere at tiltaka i planen er gjennomført. Midlane er løyving frå bispedømme, desse vert trekt tilbake om ikkje planen er oppfylgd. Ynskje frå fellesrådet er å få auka stillingsprosenten til 75 %.

I tillegg til løyving for 2019, spør fellesrådet etter ei ekstra løyving på kr. 250 000. Kr. 200 000 skal setjast i bundne fond, og øyremerkast tårnet i Sande kyrkje, samt vedlikehald av Larsnes kyrkje. Resterande kr. 50 000 går til lønskostnader på utvida stilling for trusopplærar.

~~Sande kyrkjelege fellesråd vil kome med forslag til budsjett 25. oktober~~

Larsnes 12. oktober 2018
 På vegne av Sande kyrkjelege fellesråd:
 Linda S Dyrhol
 Leiar
 Dorthe M Nordahl
 Kyrkjevevje

Sande kyrkjekontor

Postboks 94
 6084 Larsnes

Telefon
 70 02 64 80

Telefaks
 70 02 64 81

E-mail
 dnksande@online.no